

Bot for urinering

BANKVEGG. 1.500 kroner i bot fikk en mann som urinerte opp etter veggen på en bank i Ørsta.

Bot for svindel

MOMS. Selv om han ikke stod i momsmanntallet, krevde en mann i Ørskog 11.550 kroner i moms fra et hotell på Stranda. Denne svindelen ble oppdaget og han fikk 6.000 kroner i bot.

For tung last

OVERVEKT. Det er grenser for hvor mye en bil og tilhenger med last kan veie. Det fikk en herøyværing på tur til Hareid erfare. Han kjørte med totalt 5.660 kilo, men fordi samlet vekt bare kunne være 3.500 kilo etter hans førerkort, fikk han 2.000 kroner i bot.



Skal taue vekk feilparkerte bilar

SYKKYLVEN. No skal feilparkerte bilar i Sykkylven tauast vekk, og bileigaren får rekningsa. Det varslar Sykkylven kommune på nettsida si.

Kommunen får stadig meldingar om feilparkerte bilar langs dei kommunale vegane, på fortaua eller på snuplassane.

Bilane hindrar snøbrøytinga og skapar trafikkproblem. Dei kan vere til fare, irritasjon og ulempe for andre, melder kommunen – som no har alliert seg med lensmannen i saka.

Fengsel for MC-fyll

DOM. Sjåføren hadde 2,01 i promille då han blei stoppa på motorsykel på riksveg 15 ein formiddag sist haust. No ventar 16 dagar i fengsel.

Fjordane tingrett har også dømt mannen i 30-åra til å betale ei bot på 59.000 kroner. Dessutan er han frådømd førarkortet i to år.

Retten har lagt vekt på at mannen har tilstått forholdet, men finn elles ikkje noko formildande. Tvert imot ser retten alvorleg på at mannen hadde med ein passasjer på motorsykkelen og at han køyrde ei lang strekning. Retten meiner turen frå Selje til Almenningsfjellet var ein betydeleg trafikkrisiko.

ANNE-MARI TOMASGARD
anne-mari.tomasgard@smp.no

Stranda hjelper Haiti

STRANDA. Stranda kommune følgjer oppmodinga om å gje eit bidrag til jordskjelvoffera i Haiti. Kommunen gir ei krone per innbyggjar og litt i tillegg, slik at summen blir 5000 kroner.



VINDMØLLEFJELLET. Utsikt frå Åheim mot Åramhalvøya/Hovda, der Tussa, Vestavind og Zephyr ynskjer å byggje inntil 35 vindturbinar i hundre meters høgd.

Trur på stormen

– Auka utbygging av vindmøller og annan fornybar energi tvingar seg fram. Allmenne interesser veg tyngre enn lokale.

VINDMØLLEPARK. Det seier ordførar i Vanylven, Jan Helgøy (KrF).

Onsdag presenterte Vestavind Kraft, Tussa Kraft og Zephyr planar om å byggje ein vindmøllepark med inntil 35 hundre meter høge vindmøleturbinar på Hovda i Vanylven.

Fleire grunneigarar protesterte på planane, og hevda dei er i strid med naturprofilen til kommunen.

Lønsamt. Ordføraren oppfatar ikkje at det er nokon lokal storm mot vindmølleplanane:

– Nei, men det er jo ei vanskelig sak. Alle interesser må bli høyrde, og utbyggjarane gjer rett i å gå i dialog med grunneigarane så tidleg, seier Helgøy.

Han trur at vindmølleparken kan gje sårt tiltrengde inntekter til kommunen, straumsikkerheit og kompetansearbeidsplassar.

Utrekingar viser at vindforholda på Hovda kan vere særskilde gode for vindmøller.

– Vi ynskjer å setje opp vindmålingsmaster for å slå fast dette. Mastene må stå der i eit par år, seier Svein Vassbotn i Tussa Energi.

10.000. Sivilingeniør i energi-



OPTIMIST. Ordførar Jan Helgøy meiner ein vindmøllepark kan gje Vanylven gode ekstraintekter. Kartet bak han viser Åramhalvøya.



Astrid Håvik, Vestavind kraft.

I 2015 kan anlegget i Vanylven forsyne 10.000 husstandar

ASTRID HÅVIK



HØGE. Dei vel tretti vindturbinane skal kvar rage hundre meter til vers.

teknikk, Astrid Håvik, er konsulent for Vestavind Kraft.

– Om anlegget på Hovda/Åramhalvøya vert fullt utbygd, vil det produsere 200 GWh, det vil seie nok straum til å forsyne 10.000 husstandar. Vanylven vert eksportør av straum, seier Håvik, stasjonert i Bergen, men opphavsleg frå Austefjorden i Volda.

Vindmølleparken er tenkt plassert på tre stader, Nystøylhornet, Sandviknakken og Myklebustheida, i rundt fire hundre meters høgd.

Arbeidsplassar. – Eg vil understreke at vi er svært tidleg i prosessen. Møtet onsdag var for å sonde stemninga hos grunneigarane som vi ynskjer å samarbeide nært med, seier Håvik.

– Når kan vindmølleparken vere på plass?

– Vi håper å kunne sende konsesjonssøknaden i 2012, og om vi får ja, kan vi vere i gang i 2015. Men då er vi optimistiske, seier Håvik.

– Kan dette bety fleire arbeidsplassar i Vanylven?

– Ja, eit fullt utbygd anlegg betyr fem – seks arbeidsplassar, seier Håvik.

Stadtvind. Vestavind Kraft er selskapet som har fått konsesjon på Testområde Stadt, som skal prøve ut forholda for det som kan bli ein gigantisk flytande vindmøllepark utanfor Stadlandet.

SVEIN NORDAL
svein.nordal@smp.no